

Kinnaspelet



17. og 18. juni 2023
Songen ved det store djup


KINNA
SPELET


TEATER
VESTLAND

VELKOMMEN TIL TEATERET VED HAVET!

Ope hav og høg himmel, Kinnaklova og ei gammal steinkyrkje møter deg når du kjem til Kinn. Teaterstykket «Songen ved det store djup» handlar om då danskekongen sin fut kjem til Kinn i 1537, og gjer kjent at pavekyrkja si tid er forbi. Kongen eig no alt kyrkjegods, og ein ny, luthersk prest må setjast inn.

Bygdefolket er i gang med feiringa av Seljumannamesse, men når futen kjem går alt i stå. Dei har budd seg på å framføre sitt «lille kirkespill», og publikum får no bli med tilbake til 900-talet. Vi blir vitne til at den kristne prinsessa Sunniva frå Irland rømmer frå vikingkongen Ramn.

Med følgjet sitt legg ho ut på havet og let vind og havstraumar råde. Båtane kjem frå kvarandre, og båten med søstera, Borni, driv i land på Kinn. Etter legenda er det ho som då fekk byggt kyrkja her.

Orkester, kor og skodespelarar, profesjonelle og amatørar, fortel denne historia. Med storhavet, Kinnakyrkja og Kinnaklova som scenebilde blir dette ei unik oppleving.

FRAMSYNING
LAURDAG 17.JUNI
KL 13.00

FRAMSYNING
LAURDAG 17.JUNI
KL 16.30

FRAMSYNING
SØNDAG 18.JUNI
KL 14.00

KINNAKYRKJA VIL VERE OPEN FOR PUBLIKUM

Den vakre Kinnakyrkja er ei av dei eldste steinkyrkjene i Noreg. Plasseringa i einsemda langt vest i havet er heilt spesiell. Det same er kunsten og inventaret, ikkje minst det unike lektoriet frå 1200-talet. Sjøelve kyrkjebygget har også høg verdi ved at det er endra lite samanlikna med dei andre mellomalderkyrkjene i Norge.

Her er opa kyrkje om sommaren, og både turistar og pilegrimar kjem hit for å oppleve den. I 2022 var her rundt 3000 besøkande.



AKTIVITETAR PÅ KINN

Konsert i kyrkja laurdag kl.15.00 og søndag kl 12.30 ved Duo Leggiero; Sanja Dukanac på cello og Marija Kadic på harpe. Dei framfører irsk og klassisk musikk. Billett kr 50,- ved inngangen

Gudsteneste søndag kl 11.00 ved biskop i Oslo, Kari Veiteberg. Lokale prestar, kor og musikarar deltek.

Omvisning i kyrkja laurdag kl 11.30 og kl 15.45 og søndag kl 12.00

Kveldsbøn med omvisning blir i kyrkja laurdag kl 18.00 og søndag kl 15.30

Familietur rundt Kinn med Barnas Turlag laurdag. Eigen avgang frå Florø kl 13.00 Du kjøper billett til 2. framsyning, og barn går gratis i følge med vaksne. Turen går på sørsida av øya, og ein er framme ved kyrkja i god tid før 2. framsyning.

Vikingaktivitetar for familiar frå kl 12.00 søndag. Ein kan skyte med pil og bue, kaste med øks, male korn på kvernstein, steike brød i steinovn osv.

Historisk vandring laurdag kl 15.00 og søndag kl 15.30. Du vil då få orientering om Kinn si historie. Møt opp ved kyrkjestova; det raude huset ved kyrkja.

Turar på eiga hand. Med skilta turstiar, er det lagt godt til rette for turar. Aktuelle turar er rundt øya, tur på Kinnafjellet, tur til Kinnaklova eller til Søre stauren.

Kunstutstilling av målaren Harald Seim sine bilde i atelieret hans, som du finn rett opp for kaia. Her vil du og kunne kjøpe saueskinn av gammalnorsk spelsau frå Kinn

Sal av mat vil det vere i kiosk ved kyrkja. Du kan bruke betalingskort og vipps.

Sal av suvenirar og bøker knytt til Kinn og Kinnaspelet vil det vere i kiosken ved kyrkja.

Meir info om aktivitetane på kinnaspelet.no



PROGRAM

LAURDAG 17. JUNI

- Kl 11.30: Omvisning i kyrkja
Kl 13.00: «Songen ved det store djup»
Kl 13.00: Avreise Florø til tur med Barnas Turlag
Kl 15.00: Historisk vandring
Kl 15.00: Konsert
Kl 15.45: Omvisning i kyrkja
Kl 16.30: «Songen ved det store djup»
Kl 18.00: Kveldsbøn

SØNDAG 18. JUNI

- Kl 11.00: Gudsteneste
Kl 12.00: Omvisning i kyrkja
Kl 12.00: Vikingaktivitetar
Kl 12.30: Konsert
Kl 14.00: «Songen ved det store djup»
Kl 15.30: Kveldsbøn med omvisning i kyrkja
Kl 15.30: Historisk vandring

KINNASPELET BLIR FRAMFØRT AV TEATER VESTLAND, MUSIKARAR OG CA.160 LOKALE AMATØRAR OG KORISTAR

Teater Vestland er kunstnarleg ansvarleg.

Musikalsk ansvarleg: Harald Dahlstrøm.

Tekst: Rolf Losnegård.

Musikk: Per Janke Jørgensen

Instruktør: Oda Alisøy

SKODESPELARAR I HOVUDROLLENE:

Carina Furseth – Borni / Sunniva

Idun Losnegård – Magrete prestefrilte

Kyrre Eikås Ottersen – prest

Peder Lauvås – Tarve/ vikingkongen Ramn

Per Bogstad Gulliksen - dansk fut



BILLETTAR

kjøper du på kinnaspelet.no. Dei som kjem til Kinn på eiga hand, får kjøpt billett der. Båtane begynner å gå kl 9 kvar dag og går etterkvart som dei blir fylt opp. Møt opp på kaia i god tid, seinast to timar før framsyninga du skal på. Det vil bli lagt ut eit avgrensa tal på billetter til kvar framsyning.



PRISAR FRÅ FLORØ		Teater og båt
Vaksne		600 kr
Honnør		500 kr
Barn under 16 år:	1. framsyning	200 kr
	2. framsyning	gratis
Grupper (min. 10 pers.): Ta kontakt med Kinnaspelet for rabatt		

BÅT FRÅ BERGEN

Det blir sett opp båt frå Bergen til 1. framsyning laurdag. Avreise frå Strandkai terminalen kl. 08.00. Stopp på Knarvik kl 08.30. Pris vaksen kr. 1.300, barn kr. 650. (båt og teater) Billett på www.kinnaspelet.no

www.kinnaspelet.no

E-post: kinnaspelet@gmail.com



HOVEDSPONSORAR



Støtta av Kulturrådet

FOTOGRAF: ARNE STUBHAUG. GRAFISK PRODUKSJON: NATVIK, FLORØ